SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Sissel Lillebø Aarseth
E-post: Sissel.Lillebo.Aarseth@sfj.no
Tlf.: 91152030

Vår ref.
Sak nr.: 16/9603-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
196/18

Dykkar ref.

Dato
FØRDE, 02.01.2018

Utviklingsavtale Forum for natur og friluftsliv (FNF) - Sogn og Fjordane fylkeskommune 2018 -2019

1. Føremål med utviklingsavtaler

Utviklingsavtaler er eit samarbeid for å utvikle og forsterke organisasjonane og fylkeskommunen sitt arbeid. Organisasjonane har kompetanse som er viktig for fylkeskommunen og vice versa. Saman skal ein finne samarbeidsformer som gjer at komplementær kompetanse vert nytta og utvikla til beste for begge partar og for samfunnet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) ser det som viktig å støtte frivillig verksemd i fylket. Det er ein kvalitet i Sogn og Fjordane å ha eit mangfald av organisasjonar. Frivillig sektor er, gjennom kontinuerleg organisasjonsarbeid og aktivitetsutvikling, ein stor og viktig aktør i Sogn og Fjordane. Utviklingsavtaler sikrar meir føreseielege driftsvilkår for organisasjonane. Avtalen gjeld to år, med atterhald om løyving i budsjett for 2018 Utviklingsavtaler skal medverke til at organisasjonane held fram med å skape trivsel og verdiar i heile fylket, gjennom frivillig arbeid.

Frivillig arbeid har eigenverdi. Frivillig aktivitet der menneske brukar tid og ressursar av andre motiv enn eigennytte er i seg sjølv eit gode. Dette gagnar samfunnet, og det er viktig å halde fast på den 3. sektor sin autonomi. Dei frivillige organisasjonane må sjølve definere sitt virkeområde og grad av prosjektsamarbeid med SFFK.

Fylkeskommunen har eit regionalt fokus og er ein utviklingsaktør og eit bindeledd mellom lokalnivået og det nasjonale nivået. Utviklingsavtaler er ein lekk i arbeidet med å følgje opp regionale mål og strategiar.

Regional planstrategi seier m.a. at utfordringane for Sogn og Fjordane er knytt til tema:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag i arbeidet med desse utfordringane.

Folkehelse skal vere med som ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga og levekåra i fylket er betra.

Det er eit mål at det er etablert eit forpliktande samarbeid mellom regionale og lokale aktørar for å utvikle sentra i dei største kommunane, med tiltak knytt til møteplassar og trivsel….

Effektar ein ønskjer å oppnå er at:

- Fylket har kulturopplevingar som gjev eit rikare liv og bygger identiteten vår.
- Fylket har jamna ut sosial ulikskap og har innbyggarar med høg trivsel og opplevd livsmeistring, frå vogge til grav.
- Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

2. Avtalepartar

Avtala vert inngått mellom Forum for natur og friluftsliv og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Tidlegare avtalar mellom ulike medlemsorganisasjonar i FNF og ulike avdelingar i fylkeskommunen vert innarbeidd i denne avtalen.

3. Målsetting med samarbeidet mellom FNF og SFFK

Målet er fysisk aktivitet for alle og at alle i Sogn og Fjordane skal ha høve til å drive friluftsliv. Naturressursane skal vere grunnlag for eit variert friluftstilbod og gi gode naturopplevingar i nærmiljøet.

Målet er å informere og engasjere menneske lokalt og skape gode berekraftig og klimavenlig holdningar, såleis at vi saman får til klimaomstilling i Sogn og Fjordane.

3.1. Styrande dokument for Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Regional plan folkehelse 2015 – 2019
- Kulturstrategi 2015 -2018
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021[1]

<u>Visjon i regional plan fysisk aktivitet: Fysisk aktivitet for alle</u>

- Alle i Sogn og Fjordane skal vere meir fysisk aktiv enn i dag
- Tilgang gjennom tilrettelegging av områder til fysisk aktivitet
- Bygge kunnskap blant leiarar og befolkninga elles

<u>Friluftsliv</u>

- Vi ønskjer at fleire av innbyggjarane nyttar naturen som arena for fysisk aktivitet
- Det er eit mål at friluftsorganisasjonane i auka grad kan gi tilbod om organiserte friluftsaktiviteter
- Det er viktig for all aktivitet i naturen at allemannsretten står ved lag
- Det er viktig å ta best mogleg vare på friluftsområda våre og sikre tilgangen til desse for di deier viktige arenaer for mellom anna fysisk aktivitet

<u>Overordna resultatmål i regional plan fysisk aktivitet</u>:

- alle har god tilgang til anlegg og arenaer for variert organisert og eigenorganisert fysisk aktivitet
- det finst eit breitt tilbod av aktivitetar i heile fylket
- lag og organisasjonar som fremjar fysisk aktivitet, står sterkt og har gode rammevilkår

<u>Effektar som satsingsområde trivselsfremjande fritid skal fremje i regional plan folkehelse:</u>

- Lengre liv med god helse og god mestring
- Utjamne sosioøkonomiske og kulturelle helseskilnader
- Alle er kjent med og kan nyttiggjere seg kultur- og fritidstilbod (på tvers av alder, funksjonsnivå, bakgrunn, osv.)
- Sunne val er lett tilgjengelege i samband med fritidstilbod (fremje sunn aktivitet)
- Demokratiopplæring
- God livskvalitet/mental helse
- Redusere livsstilssjukdom
- Fleire deltek i fellesskapet

<u>Mål i Regional plan for klimaomstilling 2018-2021</u>

- Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane. Fylket bidreg til å auke delen fornybar energi.
- Fylket reduserer og effektiviserer energibruk i bygg.

---

[1] Fylkeskommunen er i gang med å revidere gjeldande Fylkesdel plan for klima og miljø, og vil i juni 2018 vedta ein ny Regional plan for klimaomstilling. Samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar vil stå sentralt også i den nye planen. Etter vedtak av ny klimaplan vil det kunne bli behov for å revidere samarbeidsavtalen noko. Det vil eventuelt bli kalla inn til nytt møte kring dette.

- Samordna areal-, bustad og transportplanlegging bidreg til reduksjon i klimagassutslepp og tilpassing til klima i dag og i framtida.
- Næringslivet i fylket bidreg til det grøne skiftet.
- Landbruksnæringa i fylket vore drive på ein meir klimavenleg måte enn i dag, og er tilpassa framtidige klimaendringar.
- Gjennom utvikling av kompetanse og kunnskap reduserer fylket klimasårbarheita si og er godt nok budd på dagens og framtidige klimautfordringar.
- Gjennom eit endra og redusert forbruk bidreg fylket til utsleppsreduksjon og klimaomstilling i samfunnet.
- Fylket bidreg til utdanning av ein nullutsleppsgenerasjon og aukar kunnskapen i den vaksne befolkninga.

3.2. Styrande dokument for FNF

Styringsdokument for Forum for natur og friluftsliv (FNF) gjeldande frå 13.12.17. Dokumentet ligg ved.

Arbeidsplan for FNF 2017 -2020, målsetjingar og strategiar**:**

Mål 1: Påverke i alle typer plansaker
FNF skal påverke i plan- og enkeltsaker som har konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv. Viktige prinsippsaker skal ha høgste prioritet: Sikre inngrepsfri natur/villmark, unngå tap av biologisk mangfald, sikre strandsona, forsvare allemannsretten og sikre fysisk aktivitet/naturopplevingar i stadutvikling.

Mål 2: Påverknads- og haldningsarbeid
FNF skal arbeide med langsiktig påverknads- og haldningsarbeid retta mot myndigheiter, opinionen og politiske miljø på fylkes- og kommunenivå. Viktige saker om natur og friluftsliv skal setjast på dagsordenen.

Mål 3: God kontakt med myndigheitene
FNF skal halda oppe den gode kontakten som er med fylkesmann, fylkeskommune og andre instansar i forvaltninga. FNF skal vidare arbeide for å knyte til seg nye samarbeidspartar.

Mål 4: Kompetanseoppbygging i organisasjonane
FNF skal arbeida med kompetanseoppbygging i medlemsorganisasjonane for å styrke grunnlaget for deira aktivitet.

Mål 5: Friluftsliv
FNF skal arbeide for å fremja friluftslivet i Sogn og Fjordane og støtte organisasjonane si vidareføring og vidareutvikling av den sterke friluftstradisjonen i fylket .

4. Driftsstønad

Organisasjonen vert støtta gjennom ei basisfinansiering, driftsstønad. Denne vert det ikkje lagt spesifikke føringar for.

5. Samarbeidstiltak mellom Forum for natur og friluftsliv og Sogn og Fjordane fylkeskommune

- FNF inviterer Sogn og Fjordane fylkeskommune til å delta i planlegging av relevante seminar eller konferansar.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer FNF til å delta i programkomité for planlegging av anleggskonferanse.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune og FNF avtalar relevante møtepunkt for informasjon om spelemiddelordninga og implementering av tiltak i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterer og drøfter framlegget for tildeling av spelemidlar med FNF.
- Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og FNF støttar kvarandre i eksternfinansiering på prosjekt og satsingar i regional plan.
- FNF og Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn for samarbeidet god friluftslivsaktivitet med varierte tilbod både for organisert og eigenorganisert friluftsliv, både i nærmiljøet og som større og meir utfordrande tur- og aktivitetsmål.

- Sogn og Fjordane fylkeskommune skal følgje opp kommunar som har oppstart av planarbeid for kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette har fylkeskommunen alltid gjort i form av uttale til planverket. Vi ynskjer å styrke vår innsats i dette og møte kommuneadministrasjon på dagtid og frivillig sektor på kveldstid gjennom sokalla revisjonsmøter. Føremålet er å sikre gode medverknad for frivillig sektor i planarbeidet og at kommunane følgjer opp føringar i Plan- og bygningslova, rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet og regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. FNF deltar i dette arbeidet.
- FNF blir invitert til å komme med innspel og tilbakemeldingar i høyringsperioden knytt til arbeidet med regionale planar.

6. Prosjektstønad til utviklingstiltak

Prosjektstønad vert gitt for å følgje opp strategiar i vedtekne planar for fylket.

6.1. Nye prosjekt

6.1.1. Vidareføring av prosjektet Ung meistring i vill vestlandsnatur

Å opprette ei prosjektstilling som «ungdomsturleiar», tilsvarande prosjektet som gjekk frå 2013-2015. Målsetting å styrke SFT (DNT) si ungdomssatsing, og auke rekrutteringa i denne målgruppa. Ein ønskjer m.a. å utvide bredda i friluftslivs-aktivitetar ut over kjerneaktiviteten «å gå fjelltur».

6.1.2. Startpunkt i sentrum

Målet med prosjektet er å opprette «sentrumsvardar» med variert informasjon og startmerking av turruter og arenaer for fysisk aktivitet i nærmiljøet som kan nåast til fots, eller med sykkel, bl.a. sykkelruter, badeplassar, båtplassar, fiskeplassar, ballbingar, klatreparkar osv. Varden kan også ha ein møteplassfunksjon og kan koplast til turist-informasjon. Det skal vere eit lågterskeltilbod og er tenkt som eit verkemiddel i SFFK sin visjon «fysisk aktivitet for alle».

7. Avtaler og vilkår

7.1. FNF mottek 200 000 kr i driftsstønad i 2018.
SF Turlag mottek 250 000 kr i driftsstønad i 2018.
Naturvernforbundet mottek 150 000 kr i driftsstønad 2018.
NJFF SF mottek 150 000 kr i driftsstønad i 2018.
Vidare løyving vert avgjort i budsjetthandsaminga for 2019.

7.2. Laga står fritt til å disponere driftsstønaden innanfor laget sitt føremål.

7.3. Det vert levert årsplan og rapportert årleg med rekneskap og årsmelding. Driftsstønad vert utbetalt årleg når SFFK har motteke denne dokumentasjon.

7.4. FNF bidreg med sin kompetanse i samband med fylkeskommunale prosessar, slik som revidering av planar, tverrsektorielle prosjekt eller andre relevante arrangement.

7.5. FNF medverkar, som ein del av avtalen, til regionale markeringar, jubileum og liknande på ein måte som er i tråd med/høver FNF sin profil.

7.6. Det skal haldast årlege drøftingsmøte som SFFK kallar inn til. FNF skal stille med representantar frå styre og administrative representantar. SFFK skal stille med fylkesdirektør og fagansvarlege. Møta skal følgje ein viss struktur som partane er einige om. Ved vedtak av Regional plan for klimaomstilling i juni 2018 kan SFFK kalle inn til eige møte for å revidere samarbeidsavtalen, dersom innhaldet i ny regional plan gjer dette naudsynt.

7.7. Både FNF og SFFK har høve til å kalle inn til møte for å drøfte eller evaluere avtalen.

7.8. FNF mottek prosjektstønad som FNF disponerer til tiltak omtalt i pkt. 6. Dette med atterhald om politisk vedtak.
I 2018 har HNK løyvd høvesvis:
200 000 kr til *Ung meistring i vill Vestlandsnatur*
50 000 kr til *Startpunkt i sentrum.* Midlane er løyvd til eit forprosjekt for å utvikle tiltaket vidare.
Vidare løyving vert avgjort i budsjetthandsaminga for 2019.

7.9. FNF skal koordinere at medlemslaga sender inn årlege prosjektrapportar til FK. Rapportane skal kort vise prosjektgjennomføring, måloppnåing og rekneskap. Fyrste

året vert prosjektstønad betalt ut etter nærare avtale. Seinare skal utbetaling skje når rapport frå året før er mottatt.

7.10. Endring i prosjektframdrift o.l. skal avtalast mellom partane.

7.11. Dersom prosjekt ikkje vert gjennomført må tilskot betalast attende til SFFK.

7.12. I skriftlege og munnlege framstillingar av prosjekt vert FNF og medlemsorganisasjonane oppmoda til å opplyse at Sogn og Fjordane fylkeskommune støtter tiltaket. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vise fram FNF og medlemsorganisasjonane som ein samarbeidspart der dette er naturleg.

7.13. Følgjekortordninga vert akseptert og brukt ved alle arrangement.

7.14. Partane kan seie opp avtalen dersom premissane ikkje vert oppfylt. Oppseiing gjeld frå påfølgjande årsskifte og må meldast innan 15. desember.

8. Kontaktperson

Hovudkontakt for FNF er; Elisabeth Dahle, fylkeskoordinator
Hovudkontakt for SFFK er; Sissel Lillebø Aarseth, fagkoordinator allmennkultur

Førde, 21.03.18

Forum for natur og friluftsliv
Marino Ask
Styreleiar

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jan Heggheim
fylkesdirektør